

## Oversettelse

**KONVENSJON NR. 168 OM Å FREMJE SYSSELSETJING OG VERN  
MOT ARBEIDSLØYSE**

Generalkonferansen for Den internasjonale arbeidsorganisasjonen, som av Styret for Det internasjonale arbeidsbyrået er kalla saman i Genève og har møtt der til sin 75. sesjon den 1. juni 1988,

som understrekar kor viktig arbeid og produktiv sysselsetjing er i alle samfunn, ikkje berre fordi arbeid og produktiv sysselsetjing skaper ressursar for lokalsamfunnet, men også fordi dei gjev arbeidarane inntekt, ei sosial rolle og ei kjensle av sjølvvørdrnad,

som minner om dei internasjonale normene som finst på områder sysselsetjing og vern mot arbeidsløyse (konvensjonen og rekommendasjonen om arbeidsløyse 1934, rekommendasjonen om arbeidsløyse blant ungdom 1935, rekommendasjonen om inntektssikring 1944, konvensjonen om minstestandardar for sosial sikring 1952, konvensjonen og rekommendasjonen om sysselsetjingspolitikk 1964, konvensjonen og rekommendasjonen om utvikling av menneskelege ressursar 1975, konvensjonen og rekommendasjonen om offentleg administrasjon for arbeidslivssaker 1978, rekommendasjonen om sysselsetjingspolitikk 1984),

som tek omsyn til den omfattande arbeidsløysa og undersysselsetjinga som finst i ulike land på ulike utviklingsnivå over heile verda, særleg problema for ungdommen – mange av dei søker arbeid for første gongen –

som tek omsyn til at det har vore ei viktig utvikling i lovgjeving og praksis i mange medlemsland sidan dei internasjonale instrumenta om vern om arbeidsløyse som er nemnde ovanfor, blei vedtekne, og at denne utviklinga gjer det naudsynt å revidere dei normene som no gjeld, særleg arbeidsløysekonsvensjonen frå 1934; likeins blir det naudsynt å vedta nye internasjonale normer om fremjing av full, produktiv og fritt vald sysselsetjing med alle eigna middel, medrekna sosial trygd,

som merkar seg at reglane om arbeidsløysetrygd i konvensjonen av 1952 om minstestandardar for sosial sikring har eit lågare stønadsnivå enn det som finst i dei fleste ordningar i industrialiserte land, og til skilnad frå normene for dei andre typane av stønad i konvensjonen er ikkje normene for arbeidsløysetrygd seinare blitt utfylte av normer på eit høgare nivå; konferansen har òg merka seg at normene for arbeidsløysetrygd frå 1952 framleis kan vere eit mål for utviklingsland som ser seg i stand til å innføre ei ordning med arbeidsløysetrygd,

som godtek at det beste vernet mot dei uheldige verknadene av ufrivillig arbeidsløyse er ein politikk som fører til både stabil, berekraftig, ikkje-inflasjonsdrivande økonomisk vekst, og til å skape og fremje alle former for produktiv og fritt vald sysselsetjing, medrekna småbedrifter, samvirketiltak, sjølvstendig næringsverksemd og lokale initiativ for sysselsetjing, også ved at ein fører ressursar som no går til reint stønadsorientert verksemd, over til verksemd som fremjer sysselsetjing, særlig yrkesrettleiing, yrkesopplæring og attføring til arbeidslivet; men konferansen godtek òg at det likevel finst ufrivillig arbeidsløyse, og at det derfor er viktig å syte for at trygdesistema gjev støtte til sysselsetjing og økonomisk stønad til dei som er ufrivillig arbeidslause,

som har avgjort at han vil vedde visse framlegg som gjeld det å fremje sysselsetjing og yte sosial trygd, det femte punktet på saklista

for sesjonen, særleg med sikte på å revidere arbeidsløysekonvensjonen frå 1934, som har fastsett at desse framlegga skal ha form av ein internasjonal konvensjon,

vedtek i dag den 21. juni 1988 følgjande konvensjon som kan kalla Konvensjonen om å fremje sysselsetjing og vern mot arbeidsløyse, 1988.

### *Generelle reglar*

#### *Artikkel 1*

I denne konvensjonen:

- omfatter ordet «lovgjeving» alle føresegner om trygd, både lover og forskrifter;
- tyder ordet «fastsett» fastsett ved eller med grunnlag i nasjonal lovgjeving.

#### *Artikkel 2*

Alle medlemsstatar skal setje i verk høvelege tiltak for å samordne det systemet dei har for trygd mot arbeidsløyse, med sysselsettjingspolitikken sin. Derfor skal dei syte for at systemet deira for trygd mot arbeidsløyse, og særleg måten dei yter arbeidsløysestønad på, er med og fremjer full, produktiv og fritt vald sysselsetjing, og at dette systemet ikkje er slik at det minskar interessa hos arbeidsgjevarane for å tilby og hos arbeidarane for å søkje produktiv sysselsetjing.

#### *Artikkel 3*

Føresegne i denne konvensjonen skal setjast i verk i samråd og samarbeid med organisasjonar av arbeidsgjevarar og arbeidarar i samsvar med nasjonal praksis.

#### *Artikkel 4*

1. Kvar medlemsstat som ratifiserer denne konvensjonen, kan ved ei fråsegn som følgjer ratifikasjonen, halde føresegne i del VII utanom dei skyldnadene som ratifikasjonen fører med seg.

2. Kvar medlemsstat som har sendt inn ei fråsegn etter punkt 1 ovanfor, kan til kvar tid dra ho attende ved ei ny fråsegn.

#### *Artikkel 5*

1. Kvar medlemsstat kan ved ei fråsegn som følgjer ratifikasjonen, gjere bruk av ikkje meir enn to av dei mellombels unntaka som det er opna for i artikkel 10, punkt 4, artikkel 11, punkt 3, artikkel 15, punkt 2, artikkel 18, punkt 2, artikkel 19, punkt 4, artikkel 23, punkt 2, artikkel 24, punkt 2, artikkel 25, punkt 2. Ei slik fråsegn skal nemne dei årsakene som gjev grunnlag for desse unntaka.

2. Utan hinder av reglane i punkt 1 ovanfor kan ein medlemsstat, når trygdesystemet er lite utbygd, gjere bruk av dei mellombels unntaka som det er opna for i artikkel 10, punkt 4, artikkel 11, punkt 3,

artikkel 15, punkt 2, artikkel 18, punkt 2, artikkel 19, punkt 4, artikkel 23, punkt 2, artikkel 24, punkt 2, og artikkel 25, punkt 2, ved at han sender inn ei fråsegn om dette som følger ratifikasjonen. Ei slik fråsegn skal nemne dei årsakene som gjev grunnlag for desse unntaka.

3. I meldingane sine om gjennomføringa av denne konvensjonen etter artikkel 22 i konstitusjonen for Den internasjonale arbeidsorganisasjonen skal kvar medlemsstat som har sendt inn fråsegn etter punkt 1 eller punkt 2, ta med ei melding om kvart unntak som han har gjort bruk av:

- om at årsakene til å gjøre dette framleis er gyldige; eller
- at han frå ein oppgjeven dato gjev avkall på retten til å gjøre bruk av det unntaket det er tale om.

4. Kvar medlemsstat som har sendt inn ei fråsegn etter punkt 1 eller punkt 2, skal – alt etter kva fråsegna gjeld, og etter som tilhøva gjer det mogeleg:

- dekkje trygdetilfellet delvis arbeidsløyse;
- auke talet på personar som er trygda;
- auke stønadsbeløpet;
- minské ventetida;
- utvide stønadsperioden;
- tilpassa lovfasta trygdeordningar til yrkestilhøva for deltidsarbeidarane;
- freiste å sikre at det blir ytt helsetenester til dei som får arbeidsløysestønad, og til personar som dei forsørger;
- freiste å garantere at stønadsprioritarar blir tekne med i rekninga når det gjeld retten til trygdeytингar og, når det høver, i utrekninga av uføretrygd, alderstrygd og trygd for etterlevande.

#### *Artikkel 6*

Kvar medlemsstat skal sikre lik behandling for alle som er trygda, utan diskriminering på grunn av rase, farge, kjønn, religion, politisk syn, nasjonalt opphav, nasjonalitet, etnisk eller sosialt opphav, uføretilstand eller alder.

2. Reglane i punkt 1 skal ikkje vere til hinder for at det blir gjort spesielle tiltak som har grunnlag i tilhøva for visse grupper etter dei ordningane som er nemnde i artikkel 12, punkt 2, eller som er utforma for å dekkje særlege behov hos personar som har spesielle problem på arbeidsmarknaden, særleg vanskelegstilte grupper, eller at statane gjer tosidige eller fleirsidige avtalar om arbeidsløysestønad på grunnlag av ei gjensidig ordning.

#### *II Å fremje produktiv sysselsetjing*

##### *Artikkel 7*

Kvar medlemsstat skal som ei prioritert målsetjing utforme ein politikk for å fremje full, produktiv og fritt vald sysselsetjing med alle eigna middel, medrekna sosial trygd. Slike middel skal mellom anna omfatta arbeidsformidling, yrkesopplæring og yrkesrettleiring.

##### *Artikkel 8*

1. Kvar medlemsstat skal innanfor rammene av nasjonal lovgjeving og praksis freiste å innføre spesielle program for å fremje fleire

høve til arbeid og hjelp til sysselsetjing og lette tilgangen til fritt vald og produktiv sysselsetjing for visse kategoriar av vanskelegstilte personar som har eller vil få vanskar med å finne varig sysselsetjing, slike som kvinner, ungdom, uføre, eldre arbeidstakrar, langtids-arbeidslause, innvandrarar som lovleg bur i landet, og arbeidstakrarar som har fått kjenne verknadene av strukturendringar.

2. Kvar medlemsstat skal i rapportane sine etter artikkel 22 i Konstitusjonen for Den internasjonale arbeidsorganisasjonen føre opp dei personkategoriane som dei forpliktar seg til å fremje sysselsetjingsprogram for.

3. Kvar medlemsstat skal freiste å utvide gradvis tiltaka sine for å fremje produktiv sysselsetjing til å omfatte fleire kategoriar enn dei som opphavleg var målgrupper for slike tiltak.

#### *Artikkel 9*

Dei tiltaka som denne delen av konvensjonen tek sikte på, skal gjerast i ljos av konvensjonen og rekommendasjonen om utvikling av menneskelege ressursar frå 1975 og rekommendasjonen om sysselsetjingspolitikk frå 1984.

### *III. Trygdetilfelle som skal dekkjast*

#### *Artikkel 10*

1. Dei trygdetilfella som skal dekkjast, skal på fastsette vilkår omfatte full arbeidsløyse, definert som bortfall av inntekt som kjem av at ein person ikkje kan få høveleg sysselsetjing – med rimeleg omsyn til reglane i artikkel 21, punkt 2 – når denne personen er arbeidsfør, klar til å ta arbeid og verkeleg søker arbeid.

2. Kvar medlemsstat skal freiste på fastsette vilkår å utvide vernet i konvensjonen til å gjelde desse trygdetilfellene:

- a) inntektsbortfall som kjem av delvis arbeidsløyse, definert som mellombels avkorting av den normale eller lovfesta arbeidstida;
- b) mellombels bortfall av inntekt eller nedgang i inntekt som kjem av mellombels bortfall av arbeid, utan at det er tale om noko avbrot i arbeidsforholdet, spesielt av årsaker av økonomisk, teknologisk, strukturell eller liknande art.

3. Kvar medlemsstat skal dessuten freiste å opne for utbetaling av stønad til deltidsarbeidstakrar som søker fulltidsarbeid. Summen av stønad og inntekt frå deltidsarbeid kan vere på eit slikt nivå at det motiverer dei til å ta fulltidsarbeid.

4. Er ei fråsegn etter artikkel 5 i kraft, kan iverksetjinga av punkta 2 og 3 utsetjast.

### *IV Personar som er trygda*

#### *Artikkel 11*

1. Dei trygda skal omfatte fastsette grupper av arbeidstakrarar som til saman ikkje er færre enn 85 prosent av alle arbeidstakrarar, medrekna offentleg tilsette og lærlingar.

2. Utan hinder av punkt 1 ovanfor kan offentleg tilsette stengjast ute frå trygda når nasjonale lover eller forskrifter garanterer sysselsetjing for dei fram til normal pensjonsalder.

3. Når det er gjeve ei fråsegn på grunnlag av artikkel 5, skal dei trygda omfatte:

- a) fastsette grupper av arbeidstakarar som til saman ikkje er færre enn 50 prosent av alle arbeidstakarar; eller
- b) når utviklingsnivået i landet gjev særleg grunnlag for det: fastsette grupper av arbeidstakarar som til saman ikkje er færre enn 50 prosent av alle arbeidstakarar på industriarbeidsplassar som gjev sysselsetjing til minst 20 personar.

## V Trygdemetodar

### Artikkel 12

1. Dersom denne konvensjonen ikkje krev noko anna, kan kvar medlemsstat velje den metoden eller dei metodane han vil bruke for å setje i verk føresegnene i denne konvensjonen, anten det skal skje ved eit system for medlemsavgift eller ved eit system utan slik avgift eller ved ein kombinasjon av begge systema.

2. Når lovene i ein medlemsstat trygdar alle som bur i landet, og som har ressursar under fastsette grenser medan trygdetilfellet varer, kan den stønad som blir gjeven, likevel avgrensast etter dei ressursane som trygdemottakaren eller familien hans eller hennar rår over, i samsvar med reglane i artikkel 16.

## VI. Stønad som trygda skal gje

### Artikkel 13

Stønad i form av periodisk utbetaling til dei arbeidslause kan vere knytt til trygdemetodane.

### Artikkel 14

I tilfelle av full arbeidsløyse skal trygda gje stønad i form av periodisk utbetaling, rekna på slik vis at ho gjev trygdemottakaren delvis og mellombels vederlag for bortfall av inntekt og samtidig ikkje minskar trøngten til å ta arbeid eller til å skape sysselsetjing.

### Artikkel 15

1. I tilfelle av full arbeidsløyse og bortfall av inntekt med årsak i mellombels bortfall av arbeid utan at det er tale om noko avbrot i arbeidsforholdet, skal trygda, når ho omfattar dette trygdetilfellet, gje stønad i form av periodisk utbetaling på denne måten:

- a) når slik stønad har sitt grunnlag i trygdeavgifter betalte av eller på vegner av den som er trygda, eller stønaden har sitt grunnlag i tidlegare inntekt, skal han fastsetjast til minst 50 prosent av tidlegare inntekt, med ei eventuell øvre grense for stønadsbeløpet eller for den fortjenesta som skal takast med i utrekninga, og ho kan til dømes knytast til lønna for ein faglært kroppsarbeidar eller til gjennomsnittslønna for arbeidstakarane i den regionen det gjeld;
  - b) når slik stønad ikkje har sitt grunnlag i trygdeavgift eller tidlegare inntekt, skal han fastsetjast til minst 50 prosent av lovfesta minstelønn eller av lønna for ein vanleg ufaglært arbeidstakar eller til eit nivå som dekkjer det minstemålet som er naudsynt for grunneavgifter til livsopphald, slik at ein vel det høgste av desse beløpa.
2. Er ei fråsegn etter artikkel 5 i kraft, skal stønadsbeløpet vere:
- a) minst 45 prosent av tidlegare inntekt; eller

b) minst 45 prosent av lovfesta minstelønn eller av lønna til ein vanleg ufaglært arbeidar, men ikkje under eit nivå som dekkjer det naudsynte minstemålet for grunnutgifter til livsopphald.

3. Om det høver, kan ein komme fram til dei prosenttala som er oppgjevne i punkta 1 og 2 ved å samanlikne netto periodisk utbetaling etter frådrag av skatt og trygdeavgifter med netto inntekt etter frådrag av skatt og trygdeavgifter.

#### *Artikkel 16*

Utan hinder av reglane i artikkel 15 kan både den stønaden som blir gjeven ut over den første perioden som er nemnd i artikkel 19, punkt 2a, og den stønaden som ein medlemsstat betalar ut i samsvar med artikkel 12, punkt 2, avgjeraast etter at det er teke omsyn til andre ressursar over ei fastsett grense som står til rådvelde for trygdemottakaren eller familien hans eller hennar i samsvar med fastsette satsar. I alle tilfelle skal denne stønaden saman med annan stønad som dei har rett til, garantere at dei får helsesame og rimelege levekår i samsvar med normene i landet.

#### *Artikkel 17*

1. Når lovene i ein medlemsstat gjer retten til stønad ved arbeidsløyse avhengig av ein oppteningsperiode, skal denne perioden ikkje vere lengre enn det som blir rekna for naudsynt for å unngå misbruk.

2. Kvar medlemsstat skal freiste å tilpasse oppteningsperioden til yrkestilhøva for sesongarbeidarar.

#### *Artikkel 18*

1. Dersom lovene i ein medlemsstat fastset at utbetaling av stønad i tilfelle av full arbeidsløyse først skal ta til etter ein venteperiode, skal denne perioden ikkje vare lenger enn sju dagar.

2. Er ei fråsegn etter artikkel 5 i kraft, skal venteperioden ikkje va-re lengre enn ti dagar.

3. Når det gjeld sesongarbeidarar, skal den venteperioden som er nemnd i punkt 1, tilpassast til deira yrkestilhøve.

#### *Artikkel 19*

1. Den stønaden trygda skal gje i tilfelle av full arbeidsløyse og bortfall av inntekt med årsak i mellombels bortfall av arbeid utan at det er tale om noko avbrot i arbeidsforholdet, skal utbetalast så lenge desse trygdetilfella varer.

2. Likevel, i tilfelle av full arbeidsløyse:

- kan den første perioden av stønadsutbetaling som er fastsett i artikkel 15, avgrensast til 26 veker i kvart tilfelle av arbeidsløyse, eller til 39 veker i ein periode på 24 månader;
- dersom arbeidsløysa held fram ut over den første stønadsperioden, kan tida for utbetaling av stønad, eventuelt utrekna ut frå ressur-sane til stønadsmottakaren og familien hans eller hennar i sam-svar med reglane i artikkel 16, avgrensast til ein fastsett periode.

3. Dersom lovene i en medlemsstat slår fast at lengda på den førs-te utbetalingsperioden for stønad som er fastsett i artikkel 15, skal va-riere med lengda på oppteningsperioden, skal gjennomsnittslengda for utbetalingsperioden for stønad vere minst 26 veker.

4. Er ei fråsegn etter artikkel 5 i kraft, kan lengda på utbetalingsperioden avgrensast til 13 veker i ein periode på 12 månader, eller til eit gjennomsnitt på 13 veker dersom lovane fastset at lengda på den første utbetalingsperioden skal variere med lengda på oppteningsperioden.

5. I dei tilfella som punkt 2 b ovanfor tek siktet på, skal kvar medlemsstat freiste å gje høveleg tilleggshjelp til dei personane det gjeld, for å gjere det lettare for dei å finne produktiv og fritt vald sysselsettjing, og her skal det særleg gjerast bruk av dei tiltaka som er nemde i del II.

6. Lengda på utbetalingsstida for stønad til sesongarbeidarar kan tilpassast til sysselsettjingstilhøva deira utan at dette svekkjer reglane i punkt 2 b ovanfor.

#### *Artikkkel 20*

Den stønaden som ein trygda person ville hatt rett til i tilfelle av full eller delvis arbeidsløyse eller bortfall av inntekt med årsak i mellombels bortfall av arbeid utan at det er tale om noko avbrot i arbeidsforholdet, kan nektast, dragast attende, mellombels haldats attende eller minskast i den grad det er fastsett:

- a) for den tid den personen det gjeld, er fråverande frå territoriet til medlemsstaten;
- b) når ansvarleg styremakt har slått fast at den personen det gjeld, med overlegg har medverka til si eiga oppseiing;
- c) når ansvarleg styremakt har slått fast at den personen det gjeld, har gått frå arbeidet sitt frivillig utan god grunn;
- d) under ein arbeidstvist, når den personen det gjeld, har lagt ned arbeidet for å vere med på ein arbeidstvist, eller når han eller ho er ute av stand til å arbeide som eit direkte resultat av ein arbeidsstans med årsak i ein arbeidstvist;
- e) når den personen det gjeld, har freista å få eller har fått stønad på svikefullt vis;
- f) når den personen det gjeld, utan god grunn har late vere å nytte dei tenestene som har stått til rådvelde for han innanfor arbeidsplassering, yrkesopplæring, yrkesrettling, omskuling eller om-plassering til anna høveleg arbeid;
- g) så lenge den personen det gjeld, får annan stønad – bortsett frå familiestønad – for å halde ved like inntekta, og denne andre stønaden er lovfesta i den medlemsstaten det gjeld; det er ein føresetnad at den delen av stønaden som mellombels blir halden attende, ikkje er større enn den andre stønaden.

#### *Artikkkel 21*

1. Den stønaden som ein trygda person ville hatt rett til i tilfelle full arbeidsløyse, kan nektast, dragast attende, mellombels haldast attende eller minskas så mykje som fastsett, når den personen det gjeld, nektar å ta imot høveleg sysselsettjing.

2. Ved vurdering av om eit arbeid er høveleg, skal det – på fastsette vilkår og i rimeleg utstrekning – takast omsyn til kor gamle dei arbeidslause er, kor lenge dei har arbeidd i sitt tidlegare yrke, den erfaringa dei har fått, kor lenge dei har vore arbeidslause, situasjonen på arbeidsmarknaden, verknadene av det nye arbeidet på den personlege situasjonen deira og på familiesituasjonen, og om dei nye arbeidsplassen er ledige som eit direkte resultat av arbeidsstans med årsak i ein arbeidstvist.

**Artikkel 22**

Når trygda personar etter nasjonale lover eller forskrifter eller kollektive avtalar har fått sluttvederlag direkte frå arbeidsgjevaren eller frå ein anna kjelde, med det hovudføremålet å gje vederlag for inntektsbortfall i tilfelle av full arbeidsløyse:

- kan den stønaden ved arbeidsløyse som vedkommende ville hatt rett til, haldast attende, og det kan gjerast for ein periode som svarar til den perioden da sluttvederlaget kjem i staden for den bortfalne inntekta; eller
- sluttvederlaget kan minskast med eit beløp som svarar til verdien – omrekna til ei eingangsutbetaling – av den stønaden ved arbeidsløyse som vedkommende ville hatt rett til, for ein periode som svarar til den perioden da sluttvederlaget kjem i staden for den bortfalne inntekta, etter avgjerd av kvar medlemsstat.

**Artikkel 23**

1. Når lovene i ein medlemsstat gjev rett til helseteneste, og denne retten, direkte eller indirekte, er avhengig av yrkesverksend, skal denne medlemsstaten freiste å garantere at dei som får arbeidsløysestønad og personar som dei forsørgjer, på fastsette vilkår får tilgang til helseteneste.

2. Er ei fråsegn etter artikkel 5 i kraft, kan gjennomføring av punkt 1 utsetjast.

**Artikkel 24**

1. Kvar medlemsstat skal freiste å garantere at det for personar som får arbeidsløysestønad, på fastsette vilkår blir teke omsyn til periodar med utbetaling av stønad:

- når det gjeld opparbeiding av rett til alders- og uførestønad og stønad til etterlevande, og ved utrekning av slik stønad,
- når det gjeld opparbeiding av rett til helsetenester, sjukepengar, svangerskaps- og familiestønad etter at arbeidsløysa er slutt, når lovene i medlemsstaten har føresegner om slik stønad og gjer denne stønad direkte eller indirekte avhengig av deltaking i yrkeslivet.

2. Er ei fråsegn etter artikkel 5 i kraft, kan iverksetjing av punkt 1 ovenforutsetjast.

**Artikkel 25**

1. Kvar medlemsstat skal garantere at lovfesta trygdeordningar som byggjer på deltaking i arbeidslivet, blir tilpassa til yrkestilhøva for deltidsarbeidstakarar, dersom ikkje arbeidstida eller inntekta for slike arbeidstakarar er så lita at ein, på fastsette vilkår, kan sjå bort frå ho.

2. Er ei fråsegn etter artikkel 5 i kraft, kan iverksetjing av punkt 1 ovanfor utsetjast.

**VII Spesielle reglar for nye arbeidssökjarar****Artikkel 26**

1. Medlemsstatane skal ta omsyn til at det finst mange kategoriar av personar som sökjer arbeid, og som aldri har vore eller ikkje lengre

er godtekne som arbeidslause eller som aldri har vore eller ikkje lenger er omfatta av trygd for arbeidslause. Derfor skal minst tre av dei følgjande ti personkategoriane få sosial stønad i samsvar med fastsette vilkår og tilhøve:

- a) ungdom som har fullført yrkesopplæring;
- b) ungdom som har fullført studium;
- c) ungdom som har fullført obligatorisk militærteneste;
- d) personar som har brukta ein periode til å oppseda eit barn eller ha omsorg for nokon som er sjuk, usøre, eller eldre;
- e) enkjer eller enkjemenn som ikkje har rett til stønad for etterlevande;
- f) personar som er skilde eller separerte;
- g) lauslatne fangar;
- h) vaksne, medrekna usøre som har fullført ein opplæringsperiode;
- i) vandrearbeidarar når dei vender attende til heimlandet, bortsett frå dei tilfelle da dei har opparbeidd seg rettar etter lovene i det landet der dei sist hadde arbeid;
- j) personar som tidlegare har drive sjøvstendig næringsverksamd.

2. Kvar medlemsstat skal i rapportane sine etter artikkel 22 i konstitusjonen for Den internasjonale arbeidsorganisasjonen føre opp dei personkategoriane i punkt 1 ovanfor som han tek på seg å gje trygdedekning.

3. Kvar medlemsstat skal gradvis freiste å utvide trygdedekninga slik at ho femner om fleire kategoriar enn dei som opphavleg kom inn under trygdeordninga.

### *VIII. Juridiske, administrative og økonomiske garantier*

#### *Artikkel 27*

I tilfelle da stønad blir nekta, dregen attende, mellombels halden attende eller minskar, eller det er tvist om beløpet, skal den som krev stønad, ha rett til å fremje klage for det organet som styrer stønadsordninga, og seinare ha rett til å anke saka inn for eit uavhengig organ. Han skal få skriftleg melding om dei framgangsmåtane kan brukte, og desse framgangsmåtane skal vere enkle og snøgge.

2. Ankeordninga skal gjere det mogeleg for krevjaren, i samsvar med lov og praksis i landet, å bli representert eller hjelpt av ein kvalifisert person han sjølv vel ut, eller av ein tillitsvald i ein representativ organisasjon av personar som får stønad.

#### *Artikkel 28*

Kvar medlemsstat skal ta på seg allment ansvar for god administrasjon av dei institusjonane og tenestene som får til oppgåve å setje i verk denne konvensjonen.

#### *Artikkel 29*

1. Når administrasjonen er direkte overlaten til eit regjeringsdepartement som er ansvarleg andsynes nasjonalforsamlinga, skal representantar for dei trygda og for arbeidsgjevarane knytast til administrasjonen som rådgjevarar, på fastsette vilkår.

2. Når administrasjonen ikkje er overlaten til eit regjeringdepartement som er ansvarleg andsynes nasjonalforsamlinga:
- skal representantar for dei trygda vere med i administrasjonen eller vere knytte til han som rådgjevarar, på fastsette vilkår.
  - kan nasjonale lover eller føresegner også ha reglar om at representantar for arbeidsgjevarane skal vere med;
  - lover eller føresegner kan også ha reglar om at representantar for ofentlege styresmakter skal vere med.

*Artikkel 30*

Når staten eller trygdesystemet gjev subsidiar for å tryggje arbeidsplassar, skal medlemsstatane gjere naudsynte tiltak for å garantere at utbetalingane berre blir brukte til dei føremåla dei var meinte for, og for å hindre svindel og misbruk frå dei som tek imot utbetalingane.

*Artikkel 31*

Denne konvensjonen reviderer konvensjonen om arbeidsløyse 1934.

*Artikkel 32*

Dei formelle ratifikasjonane av denne konvensjonen skal sendast til Generaldirektøren for Det internasjonale arbeidsbyrået til registrering.

*Artikkel 33*

Denne konvensjonen skal berre vere bindande for dei medlemsstatane i Den internasjonale arbeidsorganisasjonen som har fått ratifikasjonane sine registrerte hos Generaldirektøren.

2. Han skal ta til å gjelde 12 månader etter den dagen da ratifikasjonane for to medlemsstatar er blitt registrerte hos Generaldirektøren.

3. Etter den tid skal denne konvensjonen ta til å gjelde for ein medlemsstat 12 månader etter den dagen da han har fått ratifikasjonen sin registrert.

*Artikkel 34*

1. Ein medlemsstat som har ratifisert denne konvensjonen, kan – når ti år har gått frå den dagen da konvensjonen tok til å gjelde – seie han opp ved å sende melding om dette til Generaldirektøren for Det internasjonale arbeidsbyrået til registrering. Slik oppseiling tek ikkje til å gjelde før eitt år etter at ho er registrert.

2. Kvar medlemsstat som har ratifisert denne konvensjonen, og som ikkje innan eit år etter utgangen av den tiårsperioden som er nemnd i føregående punkt, gjer bruk av den oppseiingsretten som er fastsett i denne artikkelen, er bunden i ti år til, og kan deretter seie opp denne konvensjonen ved utgangen av kvar tiårsperiode på dei vilkår som er fastsette i denne artikkelen.

*Artikkel 35*

1. Generaldirektøren for Det internasjonale arbeidsbyrået skal sende melding til alle medlemsstatane i Den internasjonale arbeidsorganisasjonen om registrering av alle ratifikasjoner og oppseilingar som medlemsstatane i organisasjonen har sendt han.

2. Når Generaldirektøren melder frå til medlemsstatane i Organisasjonen om registreringa av den andre ratifikasjonen som han har fått tilsend, skal han gjere medlemsstatatane merksam på den dagen da konvensjonen tek til å gjelde.

*Artikkel 36*

Generaldirektøren for Det internasjonale arbeidsbyrået skal sende Generalsekretæren for Dei sameinte nasjonane fullstendige opplysnings om alle ratifikasjoner og oppseilingar som han registrerer etter reglane i dei føregåande artiklane, så dei kan bli registrerte i samsvar med artikkel 102 i Pakta for Dei sameinte nasjonane.

*Artikkel 37*

Styret for Det internasjonale arbeidsbyrået skal, når dei finn det naudsynt, leggi fram for Arbeidskonferansen ei melding om korleis denne konvensjonen har verka, og undersøke om det er ynskjeleg å setje spørsmålet om heil eller delvis revisjon av konvensjonen opp på saklista for Konferansen.

*Artikkel 38*

1. Dersom Konferansen vedtek ein ny konvensjon som endrar denne konvensjonen heilt eller delvis, og ikke noko anna er fastsett i den nye konvensjonen, skal:

- det at ein medlemsstat ratifiserer den nye reviderande konvensjonen ipso jure innebere at denne konvensjonen straks blir oppsagt utan omsyn til reglane i artikkel 34 ovanfor, under den føresetnaden at den nye reviderande konvensjonen har teke til å gjelde;
- frå den dagen da den nye reviderande konvensjonen tek til å gjelde, skal denne konvensjonen ikkje lenger vere open for ratifikasjon av medlemsstatar.

2. Denne konvensjonen skal i alle tilfelle halde fram med å gjelde i si noverande form og med sitt noverande innhald for dei medlemsstataane som har ratifisert han, men som ikkje har ratifisert den reviderande konvensjonen.

*Artikkel 39*

Dei engelske og franske versjonane av teksta i denne konvensjonen gjeld likt.